



Per Kristian Tejge
Kloppedalsveien 59
5221 NESTTUN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1900 - 14/4267

Saksbehandlar:

Nina Bakanova

Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:

28.02.2014

Manglar i sak 14/1900 - etablering av tilbygg til hytte Gbnr 40/64 Hodneland

Det vert vist til sak 14/1900 som gjeld etablering av tilbygg til hytte på Gbnr 40/64. Saka vart oppretta 03.02.2014. Før saka kan hansamast vidare, må følgjande avklarast:

Dispensasjon

Tiltaket ligg i uregulert område som i kommuneplan av 2011 er avsett til fritidsbusetnad føremål. Difor krev tiltaket dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen sine føresegner punkt 1.1 (plankrav). I tillegg ligg tiltaket innafør 100-meters beltet langs sjø. Der tiltaket er i strid med plan må det søkjast dispensasjon frå gjeldande plan. Det må sendast inn søknad om dispensasjon frå kommuneplanens føresegner punkt 1.1. og pbl § 1-8 (forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag). Dispensasjonssøknad må grunnjevast, nabovarslast og sendast inn til kommune.

Uthus og flytebrygge

Det er vist på kart og flyfoto at dette er uthus og flytebrygge på tomta. Så vidt vi kan ikkje sjå at vi har mottatt søknad om etablering av uthuset og flytebrygge eller et det er gjeve løyve til etablering av ovannemnde tiltak. Kommunen ser førebels på tiltaket som mogeleg ulovleg tiltak. Vi ber om skriftleg utgreiing av forholda.

Areal ny bebyggelse

Areal ny bebyggelse stemmer ikkje i søknaden og i opplysning gitt i nabovarsel. Vi ber om å presisere areal ny bebyggelse.

Fristar

Det vert gjeve 4 vekers frist for retting av manglar. Viss manglane ikkje er retta innafør fristen (28.03.2014), kan saka verte avslutta utan vidare varsel. Byggjearbeida kan ikkje setjast i gang før det er gitt skriftleg løyve frå kommunen.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Sakshandsamingstid

Det er opplyst i søknaden at vilkåra for 3 vekers sakshandsamingstid er oppfylt. Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 21-2 og byggesak kapittel 5. Reglar om fristar for sakshandsamingstid gjeld ikkje i dette høve då søknaden ikkje er fullstendig.

Med helsing

Nina Bakanova
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Per Kristian Tejge

Kloppedalsveien 59 5221

NESTTUN